

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 964968063

Namn på kommune AURLAND KOMMUNE

Adresse Vangen 1

Postnummer/-stad 5745 Aurland

Kontaktperson

Namn Kjell Bøe Bjørgum

Telefon 48193628

E-post kjell.boe.bjorgum@aurland.kommune.no

Innspel

Utfyllende merknader Uttale til regional plan for verdiskaping og kompetanse – planprogram

1. Generelle kommentarar

Fyrst av alt vil Aurland kommune peike på at dersom fylkeskommunen ynskjer å høyre kommunane sine synspunkt, må det leggst til rette for ein reell høyringsprosess. Den korte fristen har gjort det umogleg å få handsama uttalen politisk. Ordføraren har difor skrive denne uttalen på vegner av formannskapet og sendt han på ein rask runde til formannskapet for godkjenning.

Det er positivt at fylkeskommunen ønskjer å redusere talet på planar og samordne meir, men dette gjer det endå viktigare at høyringsprosessane er grundige og inkluderande – også for planprogrammet. Det er avgjerande at planen tek omsyn til lokale føresetnader og utfordringar. Me er bekymra for at begge planprogramma i for stor grad legg opp til sentralisering og regionalisering. Aurland har sine spesifikke utfordringar og føresetnader. Me er uroa for

at fylkeskommunen gjennom planarbeidet kan leggje føringar som ikkje samsvarar med realitetane våre, og som i verste fall kan hemme utvikling. Verdiskaping skjer i heile fylket – ikkje berre i regionsentra.

Me vil sterkt åtvare mot at fylket tek på seg ei "overkommune"-rolle. Plan- og bygningslova slår tydeleg fast at fylkeskommunen skal ha ein regional planfunksjon – ikkje detaljstyre eller overstyre kommunane si arealforvaltning. Kommunane er sjølvstendige planstyresmakter og kjenner best til eigne utfordringar og behov.

2. Regionsenter og transportstruktur

Aurland er ein stor reiselivskommune. Det totale "folketrykket" gjennom året – sett saman av fastbuande og tilreisande – er høgt, og dette gjev eit stort press på infrastruktur og tenester. Dette må fylkeskommunen ha med seg vidare i arbeidet.

Me vil understreke at mindre kommunar òg må ha tilgang til gode tenester og infrastruktur. Det er avgjerande at transportstruktur og kollektivtilbod vert utvikla på ein måte som støttar livskraftige lokalsamfunn – ikkje berre i dei største sentera.

Aurland sitt store reiselivspress gjer at utfordringane våre ikkje kan målbindast ut frå folketal åleine. Dette må få konsekvensar for prioriteringar i vidare planarbeid.

3. Berekraftig arealforvaltning

Aurland kommune har store naturverdiar og eit sårbart kulturlandskap. Me støttar prinsippet om transformasjon og gjenbruk av areal – dette er også vektlagt i samfunnsdelen i kommuneplanen vår.

Planarbeidet må ta inn over seg dei lokale utfordringane knytt til turisme og det store presset på infrastruktur. Kommunane må ha reelt handlingsrom for å leggje til rette for næringsutvikling innanfor eigne rammer og målsetjingar.

I Aurland er det stort press på fritidsbustader, og besøksforvaltning vil vere ein nøkkelfaktor i utviklinga av framtidas Aurland.

4. Mobilitet og transport

Me ser positivt på at planen skal byggje vidare på strategiane frå gjeldande Regional transportplan (RTP), og vil særleg trekkje fram behovet for:

- Infrastruktur som kan handtere det store turistvolumet me har i Aurland – fleire vegstrekningar er kraftig underdimensjonerte.
- Trygg skuleveg og god tilkomst til kollektivtilbod.
- Rassikring må vere eit sentralt tema i vidare arbeid, og skredfare bør vere eit viktig kriterium i prioriteringar.
- Tilrettelegging for mjuke trafikantar, også i distrikta.
- Fleksible og kostnadseffektive kollektivløysingar i område med låg reiseetterspurnad.

5. Naturfare og klimatilpassing

Aurland har omfattande erfaring med naturfarar som skred og flaum. Me støttar ikkje at det skal utviklast regionale retningslinjer for klimatilpassing i arealforvaltninga. Kunnskap og erfaring på dette området ligg i kommunane, og bør forvaltast lokalt.

Fylkeskommunen kan gjerne støtte kommunane med fagkunnskap og ressursar, men me har ingen tru på at fylket skal ta eit overordna planansvar på dette området.

Avslutning

Aurland kommune ser fram til vidare samarbeid, og ønskjer Vestland fylkeskommune lukke til i det vidare planarbeidet.

Med helsing
Kjell Bøe Bjørgum
Ordfører

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning	Uttale til regional plan for areal og mobilitet - planprogram.pdf	0.19 MB

Relevante lenker